



Årsrapport
2012



Nasjonalbiblioteket



Kulturminister Hadia Tajik og
nasjonalbibliotekar Vigdis Moe
Skarstein ønsket velkommen til nye
bokhylla.no da den åpnet 11. oktober.

I tråd med mandat og hovedmål har
dei viktigaste satsingsområda i 2012
vore knytte til:

- vidareutviklinga av det digitale Nasjonalbiblioteket
- nasjonal bibliotekpolitikk og bibliotekutvikling
- utviklinga av Nasjonalbiblioteket si rolle som forskingsinfrastruktur.

Det digitale Nasjonalbiblioteket

I oktober 2012 opna kulturminister Hadia Tajik Bokhylla.no som ei permanent teneste. 104 000 bøker var tilgjengelege på nett då tenesta blei lansert. Bokhylla kjem til å innehalde 250 000 bøker – alle bøker som er publiserte i Noreg til og med år 2000 – etter kvart som Nasjonalbiblioteket digitaliserer dei. Både avtalen med Kopinor og sjølvve tenesta er unike i internasjonal samanheng.

Gjennom Bokhylla blei det registrert 51 millionar sidevisingar, ein auke på 50 prosent samanlikna med året før. Det blei registrert 217 143 574 treff og nedlastingar frå nb.no i 2012. Det er ein kraftig auke som indikerer at Nasjonalbiblioteket for brukarane i all hovudsak er eit digitalt bibliotek.

Den digitale avistenesta basert på avtalar mellom stadig fleire norske aviser og Nasjonalbiblioteket, som gir norske bibliotek tilgang til historiske avisarkiv, er teken i bruk i meir enn 330 norske bibliotek.

Bakgrunnen for at Nasjonalbiblioteket har komme så langt når det gjeld utvikling av digitale tenester direkte på nettet eller via andre bibliotek, er ei god utvikling av den systematiske digitaliseringa. Digitaliseringssprogrammet i 2012 blei overoppfylt med 40 prosent meir enn måltalet.

*330 norske bibliotek
har tilgang til
historiske avisarkiv*



Det er i løpet av året digitalisert:

- 62 000 bøker (7,9 millionar boksider)
 - 127 000 avishefte (4,6 millionar avissider).
 - Om lag 52 000 foto
 - 93 000 sider handskrifter og notemanuskript
 - Om lag 19 000 timer historisk radiomateriale
 - Meir enn 3600 einingar frå ulike bandformat og 78-plater.
 - Stortingsforhandlingane: Om lag 2,4 millionar sider.
-

I februar blei det nye digitaliseringsbygget i Rana offisielt opna av statsråd Anniken Huitfeldt. Her saman med assisterande nasjonalbibliotekar Roger Jøsevold.



Nasjonal bibliotekutvikling

Å etablere **infrastruktur** for andre bibliotek og bidra til at andre kan bruke og vidareutvikle dei tenestene og tilboda som Nasjonalbiblioteket utviklar, har vore vektlagt også i 2012. Utviklinga av dei digitale tenestene, biblioteksøk, utarbeidning av materiale til bruk for andre bibliotek i samband med jubileum og arrangement er døme på dette. Andre bibliotek sin bruk av materiale produsert i samband med utstillingar i Nasjonalbiblioteket har dobla seg frå 2011 til 2012. Det blei produsert fire plakatutstillingar som bibliotek over heile landet fekk tilbod om gratis.

Foto: Elisabeth Tønnessen



Andre tiltak retta mot biblioteksektoren har vore:

- Møte med det rådgivande utvalet som har som mandat å sjå på kvar det er behov for nytenking for å nå politiske mål, utvikling av fellesnester og tildeling av utviklingsmidlar.
 - Kurs i prosjektsøking
 - Besøk hos lokale bibliotek
 - Ressursbrukanalyse
 - Møte med fylkesbiblioteksjefane, storbybiblioteka og Norsk bibliotekforening.
 - Nasjonalbiblioteket har delteke på og arrangert ulike konferansar.
 - Nye nb.no inneheld ein eigen inngang for Bibliotekutvikling
 - Ei utgreiing er satt i gang for å sjå på om det er råd å få til eit meir forpliktande samarbeid mellom Nasjonalbiblioteket og UH-biblioteka om å avlevere og oppbevare utanlandske tidsskrift i depotbiblioteket. Utgreiinga vil bli avslutta og behandla i 2013.
 - Juridisk rådgiving
-

Innsatsområde og prosjekt i 2013 utdelte i 2012

- Mangfald og inkludering
- Den kulturelle nistepakken
- Leseløftet 2010–2014
- Samarbeid og partnarskap
- Ny formidling
- Dei digitale tenestene til Nasjonalbiblioteket som grunnlag for nye tilbod

Nasjonalbiblioteket fekk i alt 127 søknader om prosjekt- og utviklingsmidlar. Etter behandling har 90 søknader fått tildelt midlar i samsvar med tildelingsbrev frå departementet.

Forskningsinfrastruktur

Nasjonalbibliotekets rolle som infrastruktur for forsking gjennom tilrettelegging og aktiv formidling av samlinga er blitt ytterlegare forsterka i 2012. Språkbanken blir stadig meir operativ, og fleire forskningsprosjekt bruker Språkbanken som ein del av grunnlaget for forskinga. Språkbanken har fått utvikla semantisk ordnett og taledatabase. I samarbeid med NFR og Språkrådet har Nasjonalbiblioteket arrangert ein todagars workshop for utviklingsmiljø i næringsliv og språkteknologi.

Forskningskonferansar i regi av Nasjonalbiblioteket

Det blei i 2012 halde tre forskningskonferansar med internasjonal deltaking:

- *Where is the letter?* (16. og 17. februar)
- *From Greenland to Galapagos: Norwegian Expedition Films* (6. og 7. august)
- *Encyclopedias and Beyond* (8. og 9. november)

Fagpersonar frå Nasjonalbiblioteket har bidrige med eit 30-tals artiklar i norske og utanlandske vitskaplege publikasjonar.

Omsetjinga av WebDewey har halde fram gjennom 2012. Estimert ferdigstilling av omsetjinga er februar 2014. Nasjonalt autoritetsregister for namn blei i 2012 etablert som eit eige register i BIBSYS.



Samlinga

I 2012 ble det avlevert
313 e-bøker mot
berre 48 året før.

Avleveringa av dei fleste materialtypane i 2012 viser små variasjonar samanlikna med tidlegare år. Eksempelvis blei det pliktavlevert 10 286 bøker i 2012 mot 10 039 året før. Den største endringa ser ein når det gjeld e-bøker: I 2012 ble det avlevert 313 e-bøker mot berre 48 året før.

Som i tidlegare år har Nasjonalbiblioteket styrkt samlinga med viktige nyanskaffingar. Det gjeld utanlandsk faglitteratur, elektroniske støtteressursar og unikt materiale som har komme til i form av gaver og strategiske innkjøp.

Eksempel på nokre viktige anskaffingar til Nasjonalbibliotekets samling i 2012:

- Sigrid Undset: Handskrive manuskript til *Tre søstre*
- Olaf Isaachsen: Brevsamling
- Marta Schumann: Arkiv
- Norsk Skuespillerforbund: Arkiv
- Det Norske Teatret: Arkiv
- Anja Breien: Manuskript, researchnotat og researchfotografi
- Marit Gabler: Kinoplakat frå Verdens-Teatret, Sarpsborg, 1909
- Ludvig O. Ravensberg: Arkiv

Publikumstilbodet i Henrik Ibsens gate 110

Både bruken av samlingane til Nasjonalbiblioteket og besøka i Henrik Ibsens gate auka i 2012. Besøkstalet gjekk opp med vel 2 prosent til 188 591.

To jubileum vart markerte i 2012: Egner og Asbjørnsen. Til begge jubilea blei det gjort ekstraordinære digitaliseringstiltak og utarbeidd ressurssider der det digitale innhaldet blei gjort tilgjengeleg.


Kjære Fru Willer,
Mange takk for Dere...
Lillehammer 20. juli 1948
Kjære Fru Willer.

Lillehammer 3.juli 1946.

Kjære Fru Willer,

Takk for Dereas brev for en tid siden. Men jeg kan likegoda si
- jeg kunde nok ha god lyst til å ta del i stevnet og messen ved om

Lillehammer 14. oktober 1945.






Hovudutstillingar

- **Norske polarheltbilder 1888–1928.**
Antall besøkande: 3645
 - **#VennligHilsen. Fra brev til Twitter.**
Antall besøkande: 2013
 - **Dyr, folk og røvere. På Egners arbeidsbord.**
Antall besøkande: 4311
 - **All verdens kunnskap. Leksikon fra perm til skjerm.**
Antall besøkande: 1830
-

I tillegg var det tolv mindre utstillingar og 60 arrangement (utstillingsopningar og omvisingar, foredrag, konsertar, framsyningar, familiearrangement o.a.).

Det er laga fem digitale utstillingar i 2012. Til desse er det registrert rundt 80 000 besøkjande.





7. september ble filmen *Luftskipet Norge's flukt over Polhavet* vist i Hydroparken. Nasjonalbiblioteket har restaurert dokumentarfilmen om Amundsen, Ellsworth og Nobiles luftskipsekspedisjon over Polhavet i 1926.

Publiseringsar

NB21 kom i ei utgåve i 2012. I tilknyting til utstillinga «All verdens kunnskap. Fra perm til skjerm» publiserte Nasjonalbiblioteket ei bok om leksikonsjangeren gjennom tidene.

Nasjonalbiblioteket gav òg ut ein DVD av filmen *Luftskipet Norges flukt over Polhavet* frå 1926, saman med eit teksthefte som plasserer filmen i ein film- og polarhistorisk samanheng. DVD-en er basert på ei digital restaurering som er gjord med utgangspunkt i originale nitratkopiar som er funne i belgiske og sveitsiske filmarkiv.

Nasjonalbiblioteket i media

Opninga av den nye Bokhylla.no er den hendinga som har generert flest presseoppslag om Nasjonalbiblioteket dette året. I tillegg til at vi fekk rundt 100 oppslag i samband med sjølv opninga, har pressa vist vedvarande interesse for Bokhylla. Også 100-årsjubileet til Thorbjørn Egner har fått særleg mykje merksemd i media, og opninga av leksikonutstillinga fekk svært god dekning i NRK.

nb.no